



Øyvind Heggernes  
Austesundvegen 20 A  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3691 - 21/49588

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
27.07.2021

## Avslag på søknad om redusert gebyr - gbnr 477/86 Solheim vestre

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 804/21**  
Heimelshavar:              Øyvind Heggernes  
Søkjjar:                      Byggmester Hagewick AS  
Søknadstype:                Søknad om oppretting av ny grunneigedom og  
   søknad om dispensasjon.

### VEDTAK

**Med heimel i Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning for Alver kommune, føresegn 4.9, vert det gjeve avslag på søknad om redusert gebyr fakturert for søknad om byggeløyve.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

### Saksutgreiing

#### Tiltak

Saka gjeld klage på fakturert gebyr for handsaming av søknad om løyve til oppføring av veranda på bustad. Byggjeløyve vart gjeve i vedtak datert 07.06.2021.

#### Vurdering:

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast på at det vert kravd gebyr, eller storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt gebyret er rekna ut frå.

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltning for Alver kommune (gebyrregulativet), opnar for at det kan søkjast om redusert gebyr, jf. regulativet pkt. 4.9. Fristen for å søkje er 3 veker etter at faktura er motteke.

Faktura for handsaming av byggesøknad vart sendt til tiltakshavar 21.06.2021. Det vart sendt søknad om redusert gebyr 28.06.2021. Administrasjonen finn difor grunn til å vurdere klaga

som ein søknad om redusert gebyr etter gebyrregulativet pkt. 4.9. For at det skal vere grunnlag for å redusere eller fråfalle gebyret, må det liggje føre særlege grunnar for det.

Plan- og bygningslova (pbl.) §33-1 gjev kommunen grunnlag til å krevje gebyr for handsaming av byggesøknad. Det skal sendast ut gebyr i samsvar med lova sine føresegner.

Gjeldande sak er handsama som ei dispensasjonssak frå føresegn pkt. 2.1.1 om avstand til nabogrense i reguleringsplanen for Olsvollstranda næringsområde, planid: 1260201400600. Eftersom det er utført dispensasjonsvurdering i sakshandsaminga er gebyret på 17 000,- i tråd med gebyrregulativet pkt.9.2. Likeins er basisgebyret på 7900,- i samsvar med gebyrregulativet pkt.10.2.5. Personlege forhold vert ikkje rekna som særleg grunn etter gebyrregulativet punkt 4.9. Det er likevel beklageleg at det vart gjeve ut feilaktig informasjon, og vi beklagar dette, men ser ikkje at dette i seg sjølv er grunnlag for å gje redusert gebyr i saka.

Gebyr er rekna ut på riktig måte i høve til gebyrregulativet. På bakgrunn at dette er det ikkje grunnlag for å redusere eller fråfalle gebyr fakturert for handsaming av denne byggesøknaden, jf. gebyrregulativet pkt. 4.9.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på til kommunen, jf. fvl.§§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl.§ 27b.

### **Til orientering**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 804/21

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

**Mottakarar:**  
Øyvind Heggernes

Austesundvegen 20 A      5938      SÆBØVÅGEN